



Robert og Ole Rasmus i Dønhaugkjedlaren laurdagskvelden. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Robert Smith-Hald frå Pennsylvania og Bergen fortener dei strålende kritikane han har fått etter debutplata Innocence Said som kom ut i juni. Han har vorte samanlikna med Bob Dylan, Neil Young og Bruce Springsteen og ein kan til fulle forstå kvifor Festidalen-leiinga fall for han og har satsa så sterkt på han.**

**I Dønhaugkjedlaren laurdag kveld innfridde Robert forventningane og det vart ein minnerik konsertkveld sjølv om det burde kome langt fleire tilhørarar.**

**Konserten vart eit fint punktum for eit musikalsk sett innhaldsrikt år på Dønhaug.**

Robert, som i kjedlaren spela akustisk gitar til songen saman med partnaren Ole Rasmus Hjelle frå Nordfjordeid, har ein heilt spesiell bakgrunn.

Laurdag song han berre eigenproduserte songar som i høg grad reflekterer livet hans og han var innom det meste av innhaldet på debutplata. Det er sterke tekstar som sit som eit skot og vakre melodiar som syng vidare i øret.

Rart er det å tenkja på at han vaks opp i eit miljø i West Chester County i Pennsylvania der den einaste musikken det var tillete å høyra var klassisk.

Det var i ei strengt lukka, religiøs seks basert på læra til Rudolf Steiner. Robert hadde styrke til å bryta ut av isolasjonen, men det han opplevde då han vaks opp har naturleg nok prega hans musikk seinare.

- Mine tekstar og melodiar reflekterer kven eg er og kvar eg kjem i frå, skriv han i ein spennande sjølvbiografisk artikkel.

Om deputplata seier han til uskedalen.no at ho selde svært bra heilt fram til Michael Jackson gjekk bort. Frå det tispunktet prioriterte alle Jackson. Men han resignerer ikkje og neste år kjem det ei ny plate. Robert har laga songar gjennom heile livet og har knapt tal på dei, men det er hundrevis....Særlig svake er vi for 'On and on'.....

Men han satsar ikkje på eit liv som profesjonell artist. No er han snart ferdigutdanna lærar og skal inn i skuleverket.

Av Ola Matti Mathisen